

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Askøy videregående skole

Tal elevar skuleåret 2015/16: 526

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	80,9%
2015/16	83,2%*

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	10,7%	10,7%
	2015/16	10%	8,75%
Standpunkt	2014/15	5,62%	8,28%
	2015/16	8,16%	7,74
Eksamen	2014/15	2,11%	
	2015/16	8,44	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	23,9
	dagar	9,56
2015/16	timar	29,27
	dagar	8,52

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,8%
2015/16	3,2%

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

I dette skuleåret har vi hatt dei størst utfordringane på TIP. Der har vi hatt elevar med store utfordringar på personleg og fagleg. Dei har hatt det største fråværet, over dobbelt så høgt som gjennomsnittet for skolen. Og dei er og dei med flest 1 og IV. Gjennomføringa er berre 50%. På BA har vi og hatt ein del fråvær, og der er gjennomføringa lågare enn for skolen totalt. Best fullføring har vi på elektrofag.

Det ser ut for at der fråværet er lågast, er også fullføringa best. For yrkesfaga er det slik at når elevane kjem på Vg2, er fråværet lågare og gjennomføringa betre. Kanskje det kan komme av at elevane får arbeide meir ut frå interesse når dei kjem på Vg2. På Vg1 må dei innom svært mange fag.

Målsetjinga i utviklingsplanen er at vi skal redusere forseintkomming og fråvær. Når det gjeld fråværet, er det noko redusert i talet på dagar, men auka i talet på timar. Men viss vi ser bort frå dei to programområda med størst fråvær, er tala betre (6,5 dagar, 22 timar)

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Skolen har møte med ungdomsskolane om elevar i risikogrupper på slutten av skoleåret for å førebu kommande skoleår. På denne måten kan vi vere i forkant når det gjeld å identifisere problema. Kommunen har også ein person som følgjer opp elevar med spesielle utfordringar både i ungdomsskolen og vidaregåande skole. Han er på vår skole ein dag i veka fast, men kjem elles innom etter behov.

Samarbeidet vi skal ha med KoRus skal sjå på om og eventuelt korleis vi skal strukturere samarbeidet med ungdomsskolane.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Vi har gjennomført fråværsprosjektet vårt i 2 år, og ser klare resultat av det. Talet på sluttarar er i år på 22; av dei er det 17 reelle sluttarar. I tillegg har vi om lag 6 elevar som nok skulle ha slutta, men som vi har vurdert det som best at dei har vore knytt til skolen. Desse elevane er med på å gjere at talet på 1 er høgare i år enn i fjor.

Hausten 2015 blei skolen ein MOT-skole. Dette arbeidet retta mot elevane sin trivsel, meiner vi har ein positiv innverknad på miljøet, og dermed også på talet på sluttarar.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi kjem til å ha fokus på fråværet også neste skoleår, men kjem til å ha mest fokus på dei utdanningsprogramma der vi vurderer det kan bli størst utfordringar. I dei første månadene vil vi ha eit blick på alle klassane, men vi etter kvart gå over til å ha fokus der det trengst mest. Vi vil også sette inn ekstra ressursar om nødvendig.

Skolen vil inngå eit samarbeid med Kompetansesenter KoRus vest Bergen for å styrkje arbeidet rundt fråfall- og fråværsproblematikken.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Det faglege samarbeidet er stort innanfor dei fleste faga. Mange lærarar gjennomfører fagsamtalar med elevane i fellesskap. I desse vurderingane blir det brukt vurderingskriterier. Ved skriftlege prøver er det også utstrekt samarbeid i vurderingane.

På yrkesfag er det ofte to lærarar som deler faget, og på den måten er det samarbeid også i vurderingssituasjonane. Når elevane er i verkstadene får dei munnlege tilbakemeldingar jamleg på det dei gjer.

Vi veit ikkje sikkert at lærarane bryt ned kompetansemåla når dei gi oppgåver og prøver. Elevane opplever truleg at dei får «rette» karakterar sidan vi har svært få klagar på standpunktkarakterane. I år var det ingen klagar.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»**Utfordringar:**

Elevundersøkinga viser at elevane ikkje opplever at dei får god nok hjelp i vurderingsarbeidet. Elevane opplever heller ikkje at dei sjølve er med på å vurdere eige arbeid. Særleg gjeld dette på studiespesialiseringa.

Vi må altså halde fram med arbeidet innanfor dette feltet; i samarbeid med elevane.

På den pedagogiske dagen vi hadde i mai, kom det fram at lærarane ønskjer å arbeide meir tverrfagleg i tillegg til å variere undervisninga meir for å stimulere elevane sin motivasjon.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet**Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:**Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Vi arbeider systematisk med å spreie bruken av programvare som har lågt brukargrensesnitt. Derfor har bruken av OneNote spreidd seg til fleire og fleire som har sett at programmet hjelper dei å gjere undervisninga betre.

Av same grunn har fleire bedt om å få nye og betre maskiner; noko dei har fått. Dette er pc-ar der dei mellom anna kan rette med penn. Desse maskinane er knytt til dockingstasjonar og store skjermar.

Eller har vi installert whiteboard med interaktiv projektor i nokre rom; og det vil komme fleire. Til hausten skal vi gå i gang med eit Ipadprosjekt i småklassane («4-argruppene»). Her vil brukargrensesnittet vere enklare enn ved bruk av pc.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»**Utfordringar:**

Utfordringane våre no er først og fremst at vi har lisensar som er vi eig, og som ikkje kan installere på elevane sine pc-ar, sidan dei ikkje er eigd av oss.

Framleis har vi nokre lærarar som ikkje har tilstrekkelege kunnskapar innanfor IKT til å ta i bruk IKT i opplæringa på ein god nok måte.

2.3 Klasseleing**Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleing»:**Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Elevane si oppleving av klasseleing er ulik på dei ulike utdanningsprogramma; best på elektrofag og helse- og oppvekstfag, dårlegast på teknikk og industriell produksjon.

På helse- og oppvekstfag har nokre lærarar gjennomført forsøk med ikkje å føre merknader på elevane, men heller samtale med dei om situasjonen som ikkje var grei. Dei har altså arbeidd med å skape gode relasjonar til elevane sine.

Skolen har elles 4 klasseromsreglar som skal følgjast av alle.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

I og med at situasjonen har vore ulik på dei ulike programområda, vil vi måtte handtere klasseleiinga noko ulikt, sjølv om dei grunnleggjande haldningar er dei same. Vi vil halde fram med klasseromsreglane, og lærarane må vere systematiske i handteringa av elevane. Ein av våre lærarar har vore opptatt av teknikkar i klasseleiing, basert på teorien til hjerneforskarane Bendler og Grinder. Læraren presenterte desse for alle lærarane i vår, og vi vil etablere ei gruppe lærarar som skal prøve ut desse teknikkane på ein systematisk måte.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Skolen har no i 2 år gjennomført eit prosjekt i oppfølging av elevane sitt fråvær og talet på sluttarar, etter modell av ein skole i Akershus.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Skolen valde dette tiltaket fordi vi hadde eit stort fråvær og eit høgt sluttartal.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Ein avdelingsleiar har hatt ansvaret for å følgje med på fråværet jamleg; kvar 14. dag i starten av skoleåret og ein gong i månaden frå november. Ho har samtalar med kontaktlærer etter kvar gjennomgang. Kontaktlærer har følgd opp eleven.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Vi vil forsette å følgje med på fråværet også kommande skoleår. Talet på sluttarar er redusert til nær 1/3 av talet for 2 år sidan. Fråværet er framleis for høgt, men vi meiner det er naturleg sidan talet på sluttarar er redusert.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

I kommande skoleår vil vi følgje fråværet i alle klassane til å begynne med, men meier det vil vere betre ressursutnytting å konsentrere seg om dei klassane der utfordringane er størst.

I tillegg inngår vi eit samarbeid med KoRus vest (Bergensklinikkene) i forhold til oppfølging av enkeltelevar. Dei vil og kurse kontaktlærarar i *den vanskelege samtalen*.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Ulike tema er blitt tatt opp på avdelingsmøte, i faggrupper eller på dagar der heile kollegiet har deltatt. Lærarane har hatt sine utviklingsprosjekt som dei har rapportert frå.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Dei tillitsvalde for lærarorganisasjonane støttar utviklingsarbeidet, og lærarane er med i prosessen med utarbeidinga av måla i utviklingsplanen.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Dette er sjølv sagt eit vanskeleg punkt, men vi opplever at lærarane følgjer det vi har blitt einige om. Desse tema er opp på møta med dei tillitsvalde for lærarane jamleg gjennom heile året.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Ulike tema er oppe på møte i elevrådsstyret og i elevrådet. I tillegg er elevane aktivt med både i SMU og AMU.

Dette skoleåret har vi også gjennomført firkantmøte både på Vg1 og Vg2; noko som er blitt tatt godt imot frå elevane, og som vil hale fram kommande skoleår, da også på Vg3.

Elevane har og diskutert læringsmiljø og motivasjon i klassene; leia av tillitsvald i klassen.

Styret i elevrådet har også hatt lunsjmøte med leiinga nokre gonger.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Dette handlar nok om å få lærarane til å tru på at dette er eit viktig arbeid. For at det skal kunne bli slik, må dei oppleve at arbeidet kjennest relevant for det fagelege og pedagogiske arbeidet dei gjer.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Styringsdokumentet har allereie vore presentert og diskutert på avdelingane og i elevrådet i tillegg til at leiargruppa har diskutert det grundig. Det har og vore tatt opp i møte med dei tillitsvalde for lærarorganisasjonane.

Vi vil sjå på «krava» når vi lagar ny utviklingsplan, og prøve å knytte krava i styringsdokumentet til måla i utviklingsplanen.

Når det gjeld ansvaret til elevane, vil det vere naturleg å ta dette opp i samband med firkantmøte, og som ein del av ordens- og åtferdsreglementet. I tillegg er det ein del av MOT-opplæringa.